



HØYDALSMO IL

Protokoll frå årsmøte 2010

04.05.11

Vi stadfester at protokollen er rett

Dato 19.05.-11 Jarle Solbu
Jarle Solbu

Dato 18.5.11 Ellen Ofte Jakobsen
Ellen Ofte Jakobsen

Sakliste

- Sak 1-10 Opning av møtet og godkjenning av innkalling.
- Sak 2-10 Val av ordstyrar, skrivar og to til å skrive under protokollen.
- Sak 3-10 Årsmeldingar
- Sak 4-10 Årsrekneskap 2010
- Sak 5-10 Informasjon om Huka BA
- Sak 6-10 Kontingentar 2010
- Sak 7-10 Budsjett 2011
- Sak 8-10 Innkomne forslag
- Sak 9-10 Val

Styret

Sak 01/10:

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Den vart godkjent.
Det møtte 17 medlemmer på møte

Sak 02/10:

Leiar vart føreslegen og valt til ordstyrar.
Nestleiar vart valt til skrivar .

Jarle Solbu og Ellen Ofte Jakobsen vart valde til å skrive under protokollen.

Før ein tok fatt på dei ordinære saken orientera leiaren om ein gladnyhet.
Magnus krog har blive teke ut på landslaget i kombinert for 2011.

Sak 03/10:

Leiar Svein Bakkan la fram årsmeldinga for hovudstyret:

Årsmelding frå styret i HIL 2010

Styrets samansetning:

Formann:	Svein Bakkan	Leiar fotball:	Wenche Tvedt Trovatn
Nestformann:	Sverre Bakka	Leiar ski:	Ketil Kvaale
Styremedlem:	Björg Åse Byggland	Leiar trimgruppa:	Tarjei Haugo Torgersen
Kasserar:	Solveig Holte	Leiar kjøkkenkom:	Margareth Grønlid
Leiar orientering:	Ketil Kvaale		

Styret har hatt 7 møter i 2010 og handsama 44 saker.

Medlemstal og kontingentar:

Det er nå 257 medlemmar i laget. Det er ein liten auke seiste året og årsaka er nok det nye data basera system som gjer arbeid med medlemslister og kontingentarbeidet enklare.

Kontingenten har vore: 400 kr, 200 kr, 100 kr for familiar, vaksne og born.

Støtte til aktive utøvarar:

Ordninga med økonomisk støtte til utøvarar vart innført i 2006. Frå 2009 vert tilbode annonsera i avisa, slik at alle får lik moglegheit til å søkje. Det kom i år inn 8 søknader, 5 søknadar vart imøtekomne med til saman kr 33 000,-.

Ved sida av dette administrerer laget personlege sponsoravtaler for dei det er aktuelt for.

Under handsaminga av denne saka kom det fram synspunkt som set spørsmålsteikn ved heile ordninga. Ordninga bør difor vurderast på nytt. Skal den halde fram, storleiken på beløpa og reglane for dette.

Huka:

Også i år har det vore stor aktivitet i Huka. Snoanlegget i hoppbakken og langrennsløypa er ferdigstilt, og er klare til snoproduksjon når kuldegradene kjem utpå hausten.

Anlegget er bygd i samsvar med budsjett. Ved årsskifte hadde laget ei gjeld på om lag kr 530 000,- knytt til utbygginga. Dette skuldast fleire ting. Her kan nemnast: vi har ikkje fenge tildela tippemidlar på det tidspunktet vi hadde som mål (pga etterslep), tilskot frå Tokke kommune er lagt inn i budsjett for 2011, og til slutt får

vi mindre mva kompensasjon enn vi hadde lagt til grunn. Gjelda vert redusert med kr 260 000,- når tilskott frå kommunen og tippemidlane vert utbetala.

Det vart også ein vanskeleg situasjon utpå hausten då det vart kjent at lagets prepareringsmaskina i Huka måtte ha nye belte. Forsøk som vart gjort med reperasjon av eksisterande, vart avslutta då arbeidet synte seg svært omfattande. Ein søknad frå Huka BA om støtte til nye belte vert avslegen, og Huka BA kjøpte sjølv nye belte.

Anlegg:

Det har skjedd lite med dei andre anlegga som laget har i år.

Det var eit mål i fjor at vi skulle få på plass ei ny preppemaskin i år då dei vi hadde var både gamle og hadde mange feil.

Dette arbeidet stoppa heilt opp på grunn av gjelda vi hadde etter utbygginga i Huka

Idrettsrådet:

Leiar i styret har vore medlem i idrettsrådet i år.

Økonomi:

Rekneskapet syner eit underskot på kr 36 724,- Justera for resultat på personlege sponsoravtaler vert resultatet for laget eit underskot på kr 50 287,-.

Det bør og nemnast at utan finanskostnadar ville resultatet ha vore eit overskot på kr 21 556,-

Dei viktigaste fellesinntektene er sponsorar med kr 322 355,- offentlege tilskot kr 156 000,- dugnadsarbeid kr 27 445,- og medlemskontingentar kr 30 110,-

Grasrotandelen frå Norsk Tipping gav i år kr 39 565,- Nytt av året er mva kompensasjonsordninga som tilførte laget kr 26 085,-

Laget har i fleire år ført eige mva rekneskap. Dette har vore eit positivt bidrag til lagets økonomi. På grunn av dei store utbyggingane synte mva rekneskapen at laget hadde ca kr 145 000,- til gode. Dette vart ikkje godteke av Skatt Sør. Deira vurdering medførte ein reduksjon i mva kravet med kr 118 593,- Etter ein del korrespondanse med Skatt Sør og i samråd med Ernst & Young valde styret å ikkje forfylgje saka vidare.

Sluttord:

Nok eit år er omme og status skal gjerast opp. Innsats og resultat både i fotball og ski vitnar om kontinuitet og utvikling. Det er gledeleg å sjå at til tross for at fotball hjå oss fyrst og fremst er bredde idrett med stor deltaking på dei fleste alderstrinn kjem det fram talent som får moglegheiter til å utvikle sitt talent gjennom fellestreningar i andre kommunar og deltaking på krets lag.

På ski har det over mange år vore satsa bevist på utvikling av dei mange talenta laget har og det har gjeve resultat både i langrenn og kombinert. Fleire er no i posisjon til å kunne etablere seg på nasjonalt og kanskje internasjonalt nivå. Det er viktig og svært gledeleg at dei framleis representerar Høydalsmo. Det er ein utfordringar å gje gode tilbod til dei nest beste og skiglede til dei yngste som endå ikkje veit heilt kva dei har lyst til å halde fram med.

I mange år har laget arrangera COC kombinert. Dette er eit arrangement som vi har handtera godt, og fenge mange gode tilbakemeldingar på. Nå har vi nyleg avvikla rennet i 2011, etter tilbakemeldingane det beste vi har gjennomført. NSF har orientera om at dei ynskjer at vi skal arrangere det neste år også. Dette er svært gledeleg spesielt når det også gjev eit godt overskot.

Etter ein ualminneleg lang, stor og engasjera innsats fekk Oddvar Byggland Tokke Kommune sin kulturpris i år. Det var svært fortent og gledeleg. Av grunnlagsmaterialet som ligg til grunn for tildelinga kan vi nemne at han er nemnd i ein protokoll frå 1953, har sitte 31 år i gruppestyre derav 7 år som leiar og delteke i mange posisjonar i over 50 år.

Styret vil til slutt rette ein stor takk til aktive, trenarar, leiarar og alle andre for godt arbeid i året som har gjeve.

For styret:

Svein Bakkan
Formann

Rune Djuve kom med ein tilleggsmerknad om at MVA- registreringa som vart gjort , har i løpet av dei siste 4 åra bidrege med kr 414.000 sjølv om vi i samband med Huka gjekk på ein liten smell.

Vidare kjem mva refusjonen også på grunn av at vi tek inn sponsorinntekter til dei beste løparane. Det vi gjev dei i utøvarstøtte blir ,sett på den bakgrunn ikkje all verden

Årsmeldinga vart godkjent utan merknader.

Leiar i gruppa la fram årsmeldinga

ÅRSMELDING 2010 FRA FOTBALLGRUPPA.

Styret har bestått av:

Leder:	Wenche Tvedt Trovatn
Nestleder:	Olav Aalandslid
Sekretær:	Reidun Lofthus.
Styremedlem:	Håkon Eliassen.

Styret har hatt 6 møter i tillegg har vi kontakt pr.e-post og telefon når det har vært behov.

Det har vært god aktivitet i gruppa. Det var et guttelag med på Norway-cup og flere lag har vært med på cup i Vinje cup, V-T Cup i Seljord og i Grenland.

I serien har disse lag vært med: J12, J14, J16, G8, G10, G.12 og G14.

Tabellplasseringer: G 14 – 7 plass av totalt 9 lag

J 14 – 4 plass av totalt 7 lag

J 16 – 6 plass av totalt 8 lag

96% av elevene fra Lårdal og Høydalsmo var med på fotballen ☺

Søndag 22.august ble Vest-Telemark Cup arrangert for 28.gang med bra deltagelse.

Fotballavslutning ble arrangert med fotball turnering, grilling og kos med spillere og foresatte.

Ellers vises det til årsmelding fra hver gruppe.

Jeg vil spesielt takke Reidun Lofthus, Mona Kaldråstøyl, Olav Aalandslid for jobben de tok når jeg dessverre ikke kunne stille opp for gruppa.

En stor takk til Tor Arne Heggveit som også denne sesongen har gjort en kjempejobb som dommer på våre hjemmekamper.

Ellers takk til alle fotballspillere, trenere, lagledere og foresatte som har vært med.

Det har vært en fin tid i fotballgruppa, men nå sier jeg takk for meg og lykke til videre.

Wenche Tvedt Trovatn

Leder fotballgruppa

Wenche Tvedt Trovatn

ÅRSMELDING J12 2010

Trenar har vore Sten Rune Sannerholt. Lagleiar Kirsti Sandland.

Med på laget har vore:

Ingrid Bakken

Anette Mandt

Inger Vadder Sandland

Aina Eliassen

Jane Solbu

Else Marie Sannerholt

Silje Omland Aabø

May Helen Skottveit

Asgerd Sandland

Silje Kaldråstøyl

Nora Emilie Aamot

Det er ein fin gjeng som trivast godt i lag.

Dei har spela 7 kampar både vår og haust. Begge kampane mot Hjartdal har blitt avlyst, då me ikkje har greid å finne kampdag som passa for begge lag. Dei har vunne dei aller fleste kampane.

I vår var me på Brudal cup. Me lag på Skien Hotell og vandraer hjem. Tapte alle kampane utanom ein 5 stort sett mot gutelag. Overgang for ungdomne å spele på 7er baner, men god start på sesongen

ÅRSMELDING FOR HØYDALSMO J14 – 2010

Desse har spela på J14 denne sesongen:

Maylen Neverdalen, Liv Kristin Krog, Anne Lise N.Torgersen, Margit Grønliid, Elra Sandvik, Marianne Nygard, Silje Kaldråstøyl, Nora Emilie Aamot, Adriana Amudsen, Inger Synøve K.Hommo, Gro Bakke.

Trenar vårsesongen: Mona Kaldråstøyl

Trenar haustsesongen: Margit Nordstoga

Lagleder: Eva Aamot

I serien har jentene spela 11 kamper og vunne 5, tapa 5 og spela 1 uavgjort. Av 7 lag ligg våre jenter på 4 plass på tabellen. Kjempebra.

29.aug.2010 var J14 også med på cupen i Seljord. Der vant dei 1 kamp og spila 2 uavgjorte.

Det har gått veldig greitt med kjøring på bortekamper.

Jentene har hatt ein fin sesong og har hatt det mykje moro. Skal helse frå trenarane at dei også har hatt det veldig bra.

Høydalsmo 13.oktober 2010-10-13

Lagleder Eva Aamot

Årsmelding 2010 for Jenter16

Jenter 16 har i år bestått av jenter fødde i 1994 og 1995. Me starta vårsesongen med 10 jenter. Desse var:

Bente Bakke, Sandra Breiland, Lene Kathrine Erikstad, Åsne Normann, Kristine Gaastjønn, Sigrid L. Byggland, Gunn Inger Bleikelia, Synnøve O. Jakobsen, Gudny Anette Lofthus og Susann Lofthus.

Sverre Bakke har vore trenar og Reidun Lofthus oppmann.

For å klare å stille mange nok spelarar på kampar ved forfall, inviterte vi også med jenter fødde i 1996. Desse har vore aktivt med på treningar og stort sett alle kampene.

I år har me spila 12 kampar. Det har blitt nokre tap, men laget heva seg i haustsesongen og vant og nokre kampar.

2 jenter gav seg etter vårsesongen, og blei ikkje med nå i haust. Dette var veldig synd, då det allereie var på grensa til at me klarte å stille lag på alle kampene.

Eg har sagt dette før, men seier det igjen – dette er ein kjempefint gjeng. Dei trivast i lag, er snille og blide og er eit kjempegodt forbilde for dei yngre spelarane og gode ambassadørar for Høydalsmo IL.

Reidun Lofthus

ÅRSMELDING FOR GUTTER 8 ÅR – 2010.

I vårsesongen var det 9 spillere på laget. Høstsesongen bestod av 8 spillere. Vi har spilt 16 kamper i løpet av sesongen. Vinjecupen deltok vi også på.

Det har vært en utrolig sesong der alle som har vært rundt guttene har sett en god utvikling. Både når det gjelder forståelsen av skrevne og uskrevne regler, fair play og ikke minst at vi har sett fotballgleden våkne opp hos flere av spillerne.

De har hatt det moro på kampene og treningene. Vinnerinstinktet er til å ta og føle på for noen, men det er alltid en god avslutning når de takker for kampen.

Foreldrene har stilt kjempebra opp både på kamper og trening.

Vi har brukt unge positive dommere som har stilt opp og dømt bra.

Heidi S. Bleikelia
lagleiar



Årsmelding for G10 sesongen 2010

Laget starta opp i mai med seks spelarar: Hans Christian, Jørgen, Nikolas, Jonas, Kristoffer og Vegard.

Laget skulle trene saman med Unni Kristensen og G08, men det blei bare eit par treningar i vår, så kolliderte kampdag og treningsdag. Me (foreldra) vurderte at det ikkje var på livet med to fotball dagar i veka for desse spelarane, fleire synest det held med ein kamp i veka.

Vårsesongen starta med uavgjort mot Vinje, og deretter enda alle kampar med tap. Verst gjekk det mot Åmdal/Tokke (29-3).

Fyrste siger kom endeleg då hausten kom: Høydalsmo – Vinje 6 – 3, og fleire singlar har det også blitt. Frå og med Vinjecup har me også hatt ein ny spelar – Daniel.

Foreldra har stilt viljuge opp, spesielt har ^{Geir} Nils Age vore flink med dommarfløyta.

Oppmannen ynskjer elles å påpeike at sesongen blei i overkant lang. Laget spela kampar ut helle september, og det var i alle fall to veker for lenge.

Eidsborg 14.10.2010

Bjørn Tore Mandt

(oppmann)

Årsmelding 2010 for gutar 12

Gutar 12 har i år vore gutar fødde i 1998 og 1999. Desse har vore:

Gunnar Breiland, Eivind Y. Ofte, Olav N. Torgersen, Espen Lofthus, Sander Aalandslid, Markus Jørgensen, Simen Eliassen, Kristian Mandt, Jon Erik Skottveit og Kjetil Aalandslid.

Trenar har vore Olav Aalandslid og oppmann Reidun Lofthus.

1 av spelarane slutta etter vårsesongen. Me håpar me får han med igjen til neste år.

Gutane har spila 12 kampar denne sesongen. Og det har vore nokre tap, noko uavgjort og så har dei vunne nokre kampar. Haustsesongen var vel slik sett den beste, då trur eg det berre blei eitt tap.

I august reiste laget på Norway Cup. Det var kjempemoro. Her spila laget 7 kampar – og tapa alle. Men ingen sure miner av den grunn.

På fritida kosa me oss i Frognerbadet, Operaen, byvandring, kino, Peppes Pizza, aktivitetar på Ekebergsletta og mange andre ting.

Gutane var ein kjempefin gjeng å ha med på tur.

Reidun Lofthus

G14, Fotballsesongen 2010

Trenar: Gunnar Ofte

Lagsleiar: Ellen Fehn Vaa

Spelarar:

Født -97: Ståle Moen Lid, Torjus Krog, Trym Fehn Vaa,
Halvor S. Noraberg, Benjamin Djuvet og Stein Kåre L. Fosstveit.

Født -96: Stian Ofte, Torgeir B. Lid og Jostein S. Noraberg.

Født -95: Vemund Romdal og Mathias F. Jørgensen.

Det har vore ein trivleg og sosial fotballsesong. Både spelarar og foreldre har fylgt godt opp. IL Rein trekte seg frå sesongen, elles ingen avlysningar. Det har blitt fleire tap enn singlar men gutane har ikkje surmula av den grunn.
laget skilte på Seljord cup.
Alle fotballtrøyene er levera til Ellen for vask.

Ellen Fehn Vaa

Det vart gjeve honnør til fotballgruppa for den breie deltakinga .Elles ingen merknader.

ÅRSMELDING FOR TRIMGRUPPA HIL 2010

Styret:

Leiar: Tarjei Haugo Torgersen

Styresmedl.: Geir Brubakk, Laila Veslestaul og Gunnar Albert Sandvik *Gro Elin Vold*



Trimbøkane

Trimgruppa har som mål å aktivisere alle, både unge og gamle, spreke og litt spreke.

I 2010 hadde me som tidlegare bøkar på Hægås, Ofte-fjell, Elrefjell, "Oftevatn" og Storkøs.

Kvar tur gjev poeng avhengig av kor krevjande turen er.

På den måten kan ein få 150 poeng, dvs. full pott i alle bøkane, utan at ein må gå til alle bøkane.

I 2010 var det 10 born og 27 vaksne som greidde 150 poeng!

I tillegg var det 42 born som greidde krava for 1 til 4 bøkar.

Fellestur

I 2010 vart TA-trimmen lagt til brynesteinbrotet på Stavllheil.

Her var det godt oppmøte. Magne Ljosdal var med som kjentmann, og han skildra steinbrotet og sluskane som arbeidde der så godt at me tykte me både såg og hørde del.

Me er særst takksame for at Magne stiller opp på slike turar.

Her er nokre bilete frå TA-trimmen:



Steinla



Magne fortel



Magne speldar mot Støysdalen



Jå, ja, tobakk og sluskehistoriar høyrer vel saman...



Utsyn frå Nipen

Trimkveldar

Torsdagane har det som tidlegare vore herretrim for karane, og då særleg ishockey.

På vårparten arrangerer me sykkeltrim.

Tysdag og torsdag har damene hatt trim, i hovudsak aerobic med Gro Elin Vold som instruktør.

Dette er visstnok superbra dametrim, og det kan me faktisk sjå!

Idrettsmerke

Det var 14 born som tok idrettsmerke i 2010.

Vest-Telemark Karusellen

Trimgruppa stilte med arena og mannskap for Vest-Telemark Karusellen; 3000- og 5000 meter baneløp 28 august.

Det var 14 deltakarar.

Frilidrett

Av HIL sine idrettsutøvarar, er det Eivind R Kvaale som utmerka seg i frilidrett i 2010.

Eivind vart kretsmester i 8 km terrengløp i klasse Junior.

Han fekk sylv i kretsmesterskap i motbakkeløp - klasse junior (Gygestolen opp).

Han vann juniorklassa i Tveitegrendi opp (Nr 2 totalt).

Han vann juniorklassa i Skuggenatten opp (nr 6 totalt).

(Han sykla Kanalrittet på 3.17 - raskaste tid for 16 åring i rittets historie).

For Trimgruppa HIL

Tarjei Haugo Torgersen

Flott årsmelding. Elles ingen merknader.

Høydalsmo IL Skigruppa

Årsmelding for perioden 1.mai 2010 til 1.mai 2011.

Gruppas samansetning:

Ketil Kvaale (leiar), Mikkel Vadder (nestleiar), Ottar Olav Lid, Olav Rosland og Tor Anders Solberg.

Gruppa har hatt 4 møter.

Fellestreningar:

Langrenn har hatt barmarkstrening frå skulestart og til snøen kom (ca 1.november). Deretter trening på snø fram til tysdag 5.april (nokon prøva seg også torsdag 7.april men då var løypene i full oppløysing.) Trening kvar tysdag og torsdag for dei eldste og kvar tysdag for dei yngste. Asbjørn og Ottar Olav har hatt ansvaret for dei eldste, medan Sigbjørn og Laila tok seg av dei yngste. Fellestreningane har stort sett vore ulike typer intervalltrening ute og styrketrening/ballspele inne. Då samfunnshuset er under ombygging har ikkje salen vore tilgjengeleg etter jol. Frammøte har vore noko lågare enn før då nesten ingen jenter har delteke. Her har gruppa ei stor utfordring i å få med nokre av dei talentfulle jentene i bygda. Stor takk til trenarane for godt opplegg. Resultata talar for seg.

Elles har det vore hopp trening i Huka nokre onsdagar gjennom vinteren. Huka BA har teke seg av dette.

Arrangement:

Me har hatt 6 karusellrenn med frå 40 til 70 deltakarar. To av renna var merkerenn.

Nytt av året var Vest-Telemark Skikarusell med 7 renn frå slutten av desember til slutten av februar. HIL hadde det nest siste den 16.februar. Dette var eit positivt tiltak som vi får hjelpe til med å få vidareført til neste sesong. Asbjørn var rennleiar for rennet her.

Den 11. og 12.mars arrangerte laget finalen i COC kombinert med ca 45 deltakarar. Det var både sportsleg og kulturelt på alle måtar vellukka. Stor takk til komiteen for flott planlagt og gjennomført arrangement. Signe Bjørg var komiteleiar. Viser elles til styrets årsmelding.

KM i sprint og stafett skulle vore arrangert 9. og 10.april men måtte avlysast etter ein lengre periode med mildvær og vind. Stadion vatna opp og mange stader i løypene vart det bart eller svært lite sno. (Stokke IL klarte å få til ein alternativ stafett; -...rar vinter.)

Av same årsak måtte også Høydalsmolåmi avlysast i år, 17.april var det heilt bart.

Skiboka

Skiboka 2010/2011: : 21 vaksne har gjenge 40 gonger og 18 born har 20 gonger.

Olav Bjørn Bakken hadde notert flest turar (95 !).

I alt hadde ca 200 personar skrive seg til saman 3000 gonger i boka. Reknar me 5 km kvar tur i snitt får me 15000 km eller Norge på langs 7,5 gonger. I tillegg er det mange som ikkje skriv seg. Kanskje me har 20000 km i løypene i år?.

Anlegg:

Snoproduksjonsanlegg og ljosløype i Huka vart ferdigstilt. Noko oppstartsproblem i kombinasjon med beltetrøbbel på preppemaskina førte til at me ikkje fekk full utteljing i år, men til hausten får ein tru alt fungerer som det skal.

Målbrakka er formelt ferdig, men noko beising og oppussing innvendig står att å gjera. Det må gjerast i sommar. Ottar Olav og Ståle rydda ny trase for mållinngang.

Lagets preppemaskin i Huka fekk nye belter. Dette vart kjøpt inn av Huka BA som har ansvaret for kostnader til drift og vedlikehald av maskina og anlegga elles.

Preppemaskina på langrennsstadion hadde ein feil i styringa som det tok noko tid å finne ut av (delekostnad kr 2500). I tillegg har vi streva med ein oljelekkasje. Det viste seg at ein hydraulikkventil hadde havarert. Denne vil bli reparert eller fornya (kostnad inntil 25000 kr). Oddbjørn Tellefsen har hatt ansvaret for maskina også i år.. takk til han. Sjøførar har vore dei ”gamle”, men med Sigbjørn og Oddbjørn (Hagen) som positive debutantar. Oddvar har grunna med den gamle maskina og køyrd ein del på Grønliheii. Mindre enn tidlegare år pga sno- og værforholda.

Det er søkt Gjensidige og DnBNor om pengar til ny maskin. Kommunen vil også få ein søknad.

Sportslege resultat:

Laget har hatt mange utøvarar med på renn i vinter og mange gode resultat er oppnådd. Ikkje minst har det vore gledeleg å registrere framgang for mange av løparane, det viser at treninga har vore god både i kvantitet og kvalitet. Her er nokre av resultata (14 år og eldre):

Magnus (24)

Bra sesong, særleg siste månaden. Har blitt utteken på A-landslaget neste sesong!

World Cup: nr 33, 18 og 13

COC: 3 seirar, 2 andreplassar og 1 tredjeplass. Nr 2 samanlagt.

Norges Cup (NC) : 4 seirar og 2 andreplassar. Nr 2 samanlagt.

Ånund (21)

Bra sesong som fyrste års senior, særleg i sprint.

World Cup: Deltok i Sprint på Konnerud (Drammen), nr 42.

NM: Nr 7 i sprint og nr 22 på 15 km klassisk. (Nr 3 i klasse U23).

NC, sprint: Nr 2, 6 og 8 som beste plasseringar.

NC, samanlagt: Nr 12 (Nr 6 i klasse U23).

Birken: Nr 35 av alle!

Anders (18)

Stor framgang.

NM kombinert nr 5. NC to 2.plassar. Nr 7 samanlagt.

(Nr 7 i NM 2mannslag saman med Magnus).

Arne (18)

Diverre fekk Arne også denne sesongen øydelagt av sjukdom.

Han fekk likevel med seg 3. og 5 plass frå KM og 5 plasseringar i NC frå 56. til 71.

Han kjem sikkert sterkare tilbake neste år.

Eivind (17)

Bra sesong, med sylv i NM som beste prestasjon.

NM: Nr 2 i 10 km fristil, nr 23 i sprint fristil og nr 41 i 10 km klassisk. Gjekk ei god 3.etappe på kretsens 1.lag (14.beste etappetid).

NC : Nr 8 i 10 km fristil og nr 18 i 10 km klassisk som beste plassering. Nr 15 samanlagt.

KM: Gull i fristil og klassisk.

Nr 4 i Birken og seier i opningsrennet på Hovden.

Lars Eilev (17)

Stor framgang på kort tid og han klatrar stadig høgare på listene:

NC: Deltok på Beitostølen, Nr 116 og 132.

KM: Nr 4 i KM fristil

Sigrid (17)

Diverre skada det meste av sesongen og difor lite med.

Torgeir (15)

Bra sesong, med KM og "Ungdommens" som høgdepunkta.

HL: Nr 15 (sprint) og 16 (fristil).

Ungdommens Holmenkollrenn: Nr 4 (klassisk) og 5 (fri)..

KM: Gull og sylv.

TV-Cup: Nr 1 samanlagt.

Stian (15)

Stor framgang og med friløpet i "Ungdommens" som beste resultat.

HL: Nr 84 og 84 (270 i klassa!)

Ungdommens holmenkollrenn: Nr 52 (klassisk) og 22 (fri).

KM: Nr 5 i begge stilartar.

TV-Cup: 4

Halvor (14)

Delteke mykje. Mange bra resultat i ei stor og hard klasse.

Ungdomens Holmenkollrenn: Nr 172 og 107

KM: Nr 8 i begge stilartar.

TV-Cup: 7

Ståle (14)

Har ikkje delteke så mykje i år, men har vist treningsiver noko som lovar bra for neste sesong.

Av resultat kan nemnast 10.plass på Hovden og 5. plass i Byrterennet.

Torjus (14)

KM, Gull kombinert og sylv i hopp.

I tillegg til dei som er nemnt her har også **Tor Einar, Marius, Asbjørn, Ottar Olav m.fl.** delteke på ein del (tur)renn med gode plasseringar..

Representasjonsoppgåver

Asbjørn Byggland

Nestleiar i Langrennskomiteen i Telemark og Vestfold Skikrets.

Ottar Olav Lid

Vore smørar for Skiforbundet på COC-renn i kombinert og for Hovden Skigymnas/HIL på Norges-Cup. (I tillegg smøring for skigruppa heile vinteren).

Jarle Solbu

Han har også i vinter farta Europa rundt som dommar: COC Lillehammer (plast), GP Liebrec (plast), WC Lillehammer, COC i Tyrkia , VM Oslo (lengdemålar), WC Planica.

Det er positivt (og viktig) at laget også "viser seg fram" på slike "arenaer"!

Til slutt ein takk til alle som har vore med "å drege lasset" for skiaktiviteten i løpet av vinteren.

For Skigruppa.
Ketil Kvaale

Det vart oppmoda om at skigruppa fekk med seg 2 damer i gruppa. Dei fekk mandat til sjølve å finne desse.

Årsmelding for Orienteringsgruppa 2010

Styret:

Ketil Kvaale (leiar), Einar Strand, Oddvar Byggland og Anne Kristin Romberg Kvaale.

Treningsløp:

Det vart i mai/juni arrangert 2 treningsløp med 7-8 deltakarar på kvar av dei.

Turorientering:

Det vart sett ut 40 postar på karta Dauvi, Oftefjell og Skinan (kopi).

Det vart seld 27 konvoluttar og det har kome inn att 20 kort. I 2009 var tala 38 og 27. Altså ein nedgang på 25 -30%. Av dei som har levert er 10 menn (+2), 6 kvinner (-5), 1 gut (-4) og 3 jenter (som i fjor).

O-løp:

Ingen terminfesta o-løp i 2010.

Deltaking i andre stemne:

Ein 7-8 løparar deltok "utabygds". Det er fleire enn året før.. Her er nokre resultat:

Eivind: Nr 1 i Fjelløpet i Vinje. Nr 2 i Modum 2-dagers. Nr 5 i KM. Nr 16 i S-galoppen.

Einar: Nr 2 i KM, Nr 6 og nr 31 i Veteranmesterskapet.

Solveig: Nr 4 i KM

Oddvar : Nr 3 i KM (Deltok også på Fjelløpet).

Ketil: Nr 2 i Modum 2-dagers (NB i H45 AK)

Rune: Nr 4 i H17C under KM

Marius deltok også i KM, men vart diverre diska pga feil post.

Planar for 2011:

Treningsløp og turorientering.

Deltaking i andre stemne med så mange løparar som råd.

For O-gruppa

Ketil Kvaale

Det var ingen merknader til årsmeldinga.

Årsmeldinga frå Kjøkkengruppa vart lagt fram av Margareth Grønliid.

H. I. L

Årsmelding for kjøkkengruppa 2010

Desse har vore i kj. gruppa:

Ellen O. Jakobsen og Margareth Grønliid har
dela på leiar - ansvaret.
andre: Randi Skarprud, Kirsten Auotjore,
Maija Tomafjell, Anne Jupskås,
Tore Kvaale, Ingebjørg Otte.

Arrangement me har vore med på:

	30-31/1 -10	Telmark-Vestfold KM, langrenn
		Kiosksalg på samfunnshuset
	5-7/3 -10	COC, 2010, Lunsj servering, samfunnshus,
		Kiosk, Huka, vask av trikotasje m/m
fred.	28/3 -10	Høydalsmo - lami, suppe, kiosksalg,
	14/5 -10	Sluttslutn. Toppisserver. + kaffe / kake,
onsd.	26/5 -10	Årsmøte m/ servering,
sønd.	22/8 -10	Fotballcup m/ kiosksalg,
laurd.	18/9 -10	Fotballavslutn. m/ grilling + kaffe / kake

Stor TARK til alle som har hjelpa
til med kjøkkenarbeide.

M. Grønliid og Ellen O. J.

Det var ingen merknader anna enn at denne gruppa er viktig for trivsel og gode hyggelege arrangement i laget.

Årsmeldingane vart samrøystes vedteke.

Sak 04/10: Årsrekneskapen 2010

Solveig Holte orienterte om denne og gjekk gjennom dei viktigaste tala.

Årsregnskap Høydalsmo Idrettslag**201**

Balansè pr . 31/12	2010	2009
1110 Klubbhus/Kårsteinhus	129886	129886
1111 Ned/avskrivning klubbhus	-129886	-129886
1120 Garasje	714324	714324
1121 Ned/avskrivning garasje	-714324	-714324
1122 Målbrakke	162770	152783
1123 Ned/avskrivning målbrakke	-138000	-69000
1130 Lysløype	207492	207492
1131 Ned/avskrivning lysløype	-207492	-207492
1132 Huka Hopp K60	17530	17530
1133 Sandvolleyballbane	82753	82753
1134 Ned/avskrivning sandvolleyb.b.	-60000	-60000
1135 Snoanlegg Huka	2137232	2049518
1136 Av/nedskrivning Snoanlegg	-1900000	-1650000
1137 Lysløype Huka	278344	202796
1200 Prep.maskin	279000	279000
1201 Ned/avskrivning Prep.maskin	-184790	-184790
1202 Løypemaskin	483000	483000
1203 Ned/avskrivning løypemaskin	-300000	-300000
1204 Sporsetter	266688	266688
1205 Ned/avskrivning sporsetter	-270000	-270000
1290 Orienteringskart	61930	61930
1291 Ned/avskrivning Orienteringskart	-61930	-61930
1350 Andelar Huka hoppdrift	35000	35000
1351 Radiobingo	7500	7500
Sum anleggsmidler	897027	1042778
1500 Kundefordringer	0	25000
1570 andre korts. Krav	14542	102278
1571 Krav Skigruppa	43140	
1820 andre aksjer	5000	5000
1920 Bank	12544	35941
1922 Bank	286691	255791
1923 Post	28616	191
1924 Konto M.Krog	13852	30894
1925 Konto Anund Lid	57069	48758
1926 Snoprod.anlegg selj.sp.b.	0	21424
1928 Konto Arne Moen Lid	25011	
Sum omløpsmidler	486465	525277
Sum Eignedelar	1383492	1568055
2050 annen elgekaptal	-809983	-842412
årets resultat	36724	32429
Sum egenkapital	-773259	-809983
2241 Lån Seljord Sparebank	-520773	-804800
2400 Leverandørgjeld	-9739	-95135
2740 Mva	-60693	152863
2950 Påløpte renter	59	
2901/2960 forskot pål. Kostnader	-19087	-11000
Sum Gjeld	-610233	-758072
Sum gjeld og egenkapital	1383492	-1568055
Resultatregnskap (spesifikasjon på neste side)		
Sum inntekter	1079481	1053674
Sum kostnader	-1044361	-1077239
Driftsresultat	35120	-23565
Renteinntekter	5406	9381
Renteutgifter	-77250	-18245
Netto Finansposter	-71844	-8864
Årsresultat	-36724	-32429

	2010	2009
Inntekter		
Sponsorinntekter	322355	349192
Off. tilskot	156000	141000
Tilskot Idrettsorg.	321179	351093
Grasrotandel Norsk Tipping	39565	37614
Gaver, Kursinntekter	25000	
Medlemskontingent	30110	28824
Div. dugnadsinntekter	27445	34500
Momskompensasjon	26085	
Lisenser egenandel	200	
Kiosksal	48433	33091
Annonseal		
Eigendelar -utstyr fra klubben	540	32000
egenandel and.stevne		3600
Startkontingent egne stevne	69715	38890
And. Stevne og akt.inntekter	1194	
Parkering	11660	3870
Sum inntekter	1079481	1053674
Kostnader:		
Lønn		9250
Innkjøp varer	2700	24008
Premiering/pengepremier	17126	9284
Renovasjon,vann,avløp	6924	6119
Strøm	46364	36514
Brøyting	4298	4511
Leige buss	17366	1200
Løypeleige	9100	9100
Leige bil/hybel/utstyr	54156	35556
Inventar og anlegg	458	79595
Utstyr	78502	147208
Skismøring	5000	10000
Rep. Og vedlikehold	755	29389
Rekneskap og anna bistand	32582	10845
Dommarutgifter m.m.	67953	57376
Kontorrekvisita	3227	3917
Kopiering/trykking	1500	2081
Aviser/tidsskrifter		1055
Møter/kurs/oppdatering	5303	15166
Annen Kontorkostnad	2285	2870
Telefon	164	352
Porto	1193	647
Utgifter Transportmiddel	111039	44457
Bilgodtgjørelse	54971	55292
Serivering gjester/funksjonærer	7733	1570
Reisekostnader	125339	164603
Salgskostnader	36672	15599
Reklame/annonser	19078	
Medlemskontingent	3860	13476
Gaver/premier	59817	42201
Støtte til utøvere	33000	56000
Eng.lisenser	200	
Deltakeravgift,påmeld.avg.	101239	53040
Kurs og idrettsskule	2500	1350
Startkontingent and.stevne	30066	34212
Forsikring	4782	4882
and.kostnader/gebyrer	39209	94514
ikke godkjent mva fradrag del	57900	
Sum kostnader	1044361	1077239

Rekneskapen er gjennomgått -
ingen merknad.

Lørdag, den 30.11.2011.

Heidi S. Bleibelia

Per L. Tuisto

Det var ein noko spørsmål som vart oppkara.

- Spørsmål om manglande fakturering av kontingent frå KM i feb. 2010. Her er uteståande noko, men ein reknar å få det inn.
- COC 2010 hadde eit overskot på 145.000
- Litt om gjelda i samband med utbygginga i Huka. Rentekostander i 2010 kr 77.250,- Dette var byggelån som no er konvertert til lan med rente ca.5,0 % . Kommuneutskottet kjem no i mai/juni på ca kr 142.000 og STUI mogeleg også i 2011. Rekneskap er levert kommunen.
- Dugnadsinntekter no er Dyrskuen og COC. Viktig at medlemmene veit at dette er ein felles dugnad for økonomien i laget.

Framlegg til vedtak frå styre:

Årsrekneskapen syner eit underskot på kr -36.724,- Justera for dei personlege sponsoravtalene vert resultatet kr 50.278,-

Styret tilrår for Årsmøte og godkjenne Årsrekneskapen for 2010 som syner eit underskot på kr -36.724,-

Rekneskapen vart samrøystes vedteke.

Sak 05/10: Orientering om Huka BA



Årsmelding 2009

1. Om huka hoppdrift.

Føremålet til selskapet er å drive Huka hoppanlegg i Høydalsmo som eit regionalt hoppanlegg for øvre Telemark. Selskapet skal vera ein pådrivar i arbeidet for å fremje hoppinteressa i regionen, og å utvikle talent og etablerte løparar i alle idrottslag i distriktet. Dette skal fyrst og fremst skje gjennom å tilby lag og løparar eit moderne hoppanlegg med ulike bakketypar klar for drift gjennom sesongen. Selskapet skal samarbeide med idrottslaga og medverke til at kompetanse som selskapet sit inne med kjem desse til gode. Det skal og fremje samarbeid mellom idrottslaga til beste for hoppporten i regionen.

Selskapet har for tida ingen tilsette, men har noko innleige av arbeidskraft på timebasis. Styret er ansvarleg for dagleg drift. Det er ikkje teikna nye lutar dette året. Det er dei same lutcigarane som har vore med i frå oppstarten av selskapet.

2. Styret:

Styret i 2009, har bestått av:
Styreleiar Gunnar Ofte, nestleiar Svein A. Vinjerui, styremedlemmar: Tor Anders Solberg, Tarjei Haugo Torgersen og Halvor Grønliid. Varamedlemmar: Karel Krog og Hermann Betten. Styret har hatt 6 styremøter og har behandla 36 saker.

3. Drift og vedlikehald

Gunne Breiland vore leigd inn til brøyting. Sondre Breiland, Halvor Grønliid og Einar Slettetveit har teke del i noko av prepareringsarbeidet. Det vart leigd inn sjåfør til prepareringsmaskina til eit arrangement. Lønnskostnadane har vore på 21.301,- Likevel, er det Tor Anders Solberg som har utført det meste av prepareringsarbeidet på dugnadsbasis. Prepareringsarbeidet krev god opplæring og erfaring. Særskildt køyring av prepareringsmaskina krev lang opplæringstid. Solberg mottok ingen godtgjering for arbeidet. Ein legg i staden vekt på kaufe inn utstyr og hjelpemidlar som kan lette arbeidet. Styret har vore oppteken av at ein må finne fleire å spele på i prepareringsarbeidet. Ein har hatt nokon aktuelle kandidatar til å ta opplæring i prepearbeid, men har nok ikkje lukkast heilt her. Framleis fell i stor mengde på Tor Anders og nokre få han tek med seg i arbeidet. Huka hoppdrift har ansvar for å halde bakken oppe igjennom sesongen. Men, arrangør har ansvar for å skaffe mannskap til sine arrangement. I forkant av arrangement påkjem det mykje arbeid for det faste prepareringsmannskapet, andre i styret og dei ein dreg med seg. Det fungerte godt under COC-rennet. Dugnadslister vart sendt ut på førehand, og mannskap var med opptil ei veko før rennet.

Huka hoppdrift ba
3891 HØYDALSMO

Telefon 95 11 02 74
Bank: 1604.04.60350

5. Utvikling av anlegget

Norges skiforbund vedtok i 2007 eit tilskott på kr. 500.000,- til HIL til snoproduksjonsanlegg. På grunnlag av dette vart det utarbeida spelemiddelsøknad frå HIL. Tokke kommune vedtok kommunalt tilskott på 700.000,- same år. I mai -08 gav Fylkeskommunen tilsagn om sin andel av spelemiddelsøknaden. Det er Snodesign a.s som skal leverte utstyret.

Det vart danna ein anleggskomite i HIL. Huka hoppdrift har representant her. Komiteen kom til som eit resultat av eit ønske om å klargjere HIL sit ansvar som eigar og utbygger og Huka hoppdrift som driftsselskap. Komiteen skal ha ansvar for utbygging av snoanlegget og rapportere til styret i HIL. Arbeidet vert teke opp att våren -09. Det meste av arbeidet vart slutført hausten -09. Ljossetting av langrennsløype vert slutført i 2010. Tidleg vinter 2010 kan ein kome i gang med å snolegge hoppbakkar og langrennsløype. Dette vil bety mykje for bruken av anlegget. Anlegget vil truleg kunne bli eit anlegg som har tidlegast aktivitet på sesongen i både, hopp, kombinert og også langrenn.

Hoppporten treng sårt ein K-60 for å styrke rekrutteringsarbeidet. Styret vonar at HIL vil imøtekomme ønskje om at dette vart neste byggetrinn.

Huka hoppdrift har gjennom lenger tid arbeida med planar om korleis ein kan forbetre prepareringsarbeidet i overrenn. Utstyret i småbakkane har ikkje hatt sporsettarutstyr. Vogna i K-90 fungerer heller ikkje så bra, både i høve til sikkerhet til personell og kvaliteten på spor. Den største utfordringa i Huka er å fjerne store snomengder. I K-90 er skinner til vogn ujevne og ligg nær bakken slik at dei fyller seg med sno. Sporsettarutstyr på marknaden er ikkje egna til å fjerne snomengder, kun enkel planering og sporsetting. Målet har vore å få bygd ei sjølvgåande vogn som kan nyttast i alle bakkar. Huka hoppdrift søkte og fekk tilsagn om 150.000 i støtte til prosjektet frå det interkommunale næringsfondet i Vest-Telemark. Samstundes søkte ein ,via skigruppa i HIL, Noregs skiforbund om støtte til prosjektet. Her fekk ein tilsagn på kr. 120.000,- i støtte. Me var eit av tre anlegg i landet som fekk slik støtte til utstyr. Vogna vert laga på Dalen mekaniske a.s Total kostnad er kr. 300.000,- Tilskotet Huka hoppdrift fekk frå Fellesfondet vart overført til HIL. Dette vart naudsynt for at ein skulle få midlane frå Skiforbundet. Huka hoppdrift har investert omkring 47.000,-. Styret vedtok at å la desse gå inn som delfinansiering av prosjektet. Vogna vert monterert ferdig og teke i bruk til sesongen 2010/2011. For at den skal gjere full nytte for seg må det monteres rør for føring av vogn i K-90. Dette må styret avklare med eigaren.

6. Økonomi

Årsrekneskapan for 2009 syner eit driftsoverskot på kr. 51.346,- . Detter omtrent det same som i 2008 (kr. 56.920,-).

Inntekter kjem frå:

tilskot frå Tokke kommune: kr. 50.000,-

tilskot frå Telemark Fylkeskommune: kr. 50.000,-

sponsorinntekter: kr. 116.000,- (137.500,- i 2008)) og

treningsavgift kr. 5400,-

Dei viktigaste driftsutgiftene har vore: (Tal frå 2008 i parentes)

Lønsutgifter : 21.301,- (0,-)

Bensin,diesel,produksjon: 13.920,-(34.870,-)
 Straum : 18.991,40 (25.946,03)
 Løige grunn: 2.360,- (2.360,-)
 Div investeringer: 19.599,- (0,-)
 Rekvisita: 13.197,25 (0,-)
 Rekneskap: 4.937,50 (3.862,50)
 Brøyting/preparering: 12.225,- (30.875,-)
 Forsikringspremie: 24.776,- (27.931,-)

Noko av driftsutgiftene gjekk ned frå året før. Dette skuldast i hovudsak at det var mindre snomengde. Neste år vil forsikringspremie auke, p.g.a forsikring av snoanlegget.

Ein har med luktast med å sikre anlegget ei forsvarleg økonomisk drift dei siste åra. Dette skuldast auka inntekter. Tokke Kommune og Telemark Fylkeskommune gjev årleg driftstilskot til selskapet med kr. 50.000,- kvar. Det må vera eit mål å få dei andre kommunane i regionen også til å bidra med varige driftstilskott. Ein har opplevd eit svært velvillig næringsliv. Ein har utvikla eit konsept med sponsoravtalar, henholdsvis bronse-, sølv- og gullsponsor, der sponsorane teiknar treårige avtaler:

Sponsorar i 2009 har vore: VTK, Scana Mar-el, Bjarne Lofthus, Dalen Mekaniske, Høydalsmo servicesenter , Morgedal Hotell, Funnemark, Paroc, Monter avd. Dalen/Skreosen, Dahles deleservice, Blomsterbua på Dalen, Statkraft og Bondal Motor og Haugo og Draugedal maskin a.s Styret er svært takksame for velviljen ein har møtt. Ein prøvar på ulike vis å synleggjere sponsorane sine interesser gjennom arenareklame, invitasjonar til arrangement og logoreklame på heimesida til Huka under domenet www.hoydalsmo.no m.m. Arbeidet med å skaffe sponsorar er eit kontinuerleg arbeid som pågår. Fleire avtaler går ut tidleg i 2010. Styret må arbeide aktivt med å reforhandle sponsoravtaler.

7. Internkontroll

Huka hoppdrift ba har ikkje aktivitetar som forureinar det ytre miljø. Diesel vert forsvarleg oppbevart i godkjent dieseltank.

Skitau vert godkjent av Veritas annankvart år. Neste inspeksjon er i 2010. Svein A. Vinjerui er godkjent som driftsleiar for skitrekket. Det er internkontrollhandbok tilhøyrande skitrekket.

Styret har ikkje fått melding om at det har funne stad skadar eller uhell i løpet av 2009.


Styret tok til i 2009 å arbeide med mål og retningsliner for HMS i selskapet. Styret har gjennomført risikovurdering og laga handlingsplan. Dette skal ein gjere årleg eller når det er trong for det. Det viktigaste er ikkje å ha tjukke permar med fine målsettingar, men at det vert ein auka bevisstgjerung rundt tryggleiken for personell og besøkjande i anlegget.

Selskapet har teikna yrkesskadeforsikring, slik at dei som utfører arbeid på oppdrag av styret er rettmessig sikra om det skulle finne stad skadar i samband med arbeidet.


8. Framtid/Strategi

Styret har tru på vekst og utvikling knytt til anlegget. Dei siste åra har anlegget endra seg til å bli eit anlegg for fleire skisportaktivitetar. Med langrennsløype har også kombinertsporten fått ein fantastisk fin arena. Dette vil ha ringverknadar for skiinteressa generelt i regionen. Med snoproduksjonsanlegg på plass vil me vera i sentrum for hopp og kombinert tidlegare på sesongen enn nokon andre. Det vil også gje auka inntekter. HIL held fram å vera arrangør av COC framover. Det gjer at ein kan utvikle seg å verte dugande på ei type arrangement. Nasjonale og internasjonale renn gjer også at ein stadig må oppretthalde fokus mot forbetring av anlegget. Ein har tru på at eit godt samarbeid med HIL, vil føre oss framover med utbyggingsplanane for anlegget. Det er viktig med ein god dialog mellom eigar og driftar. Dette kan opplevast som ei utfordring i mange høve der driftselskapet ønskjer meir utbygging og i eit raskare tempo enn eigar. Opprettinga av ein anleggskomite har vore vellukka. Her er både driftar, eigar og anleggskompetanse samla. Når Huka hoppdrift har bakkesjef som er representant i arrangementskomite, er dette eit anna dømc på gode samarbeidsmodellar. Det er også viktig at vårt arbeid med å ruste opp og lage planar for anlegget ikkje går på bekostning av godt rekrutteringsarbeid. Innsatsen for å rekruttere og utvikle hopparar frå dei andre idrottslaga i regionen må styrkast. Styret bør arbeide aktivt framover med å trekke til seg fleire interesserte og ha fokus mot kompetanseutvikling i barne- og ungdomsidretten. Det vert i 2010 teke eit initiativ overfor idrottslaga i regionen, der ein ber om at laga drøftar og diskuterer korleis dei kan arbeide for auka interesse for hopp og kombinert. Her skal Huka hoppdrift vera på tilbodssida. Styret har på nytt sendt søknad til nokre kommunar i Vest-Telemark om driftstøtte. Svar på søknadar kjem truleg i løpet av 2010. Det er ikkje i tråd med føremålet at Tokke kommune og lokalt næringsliv skal stå for hovudtyngda av inntektene til Huka hoppdrift aleine. Anlegget må få ei større regional oppslutning.

Høydalsmo 25.05.10


Gunnar Ofte, styreleiar


Svein A. Vinjerui, nestleiar


Tarjei H. Torgersen, styremedlem


Tor Ander Solberg, styremedlem


Halvor Grønliid
styremedlem

Økonomien vert strammare . Dei har eit lån på belta til preppareringsmaskina der avdraget er kr 57.000 2 gonger i året.

Dei hadde snø i bakken og løyper 17. Oktober i 2010.

Det er bare Vinje kommune som no gjev midlar kr 10.000 . Vasspumpa i brønnen gjekk i vinter.

Thor Anders sa at legging av snø i bakke og løyper kosta kr 9.000,-

Signe Bjørg Krog styreleiar la fram orienteringa frå Huka BA.

Positiv utvikling. Manglar 60 m -bakken.

Orienteringa vart teke til etterretning.

Sak 06/10: Kontingent for 2010.

Styret sitt framlegg:

Styret tilrår for Årsmøtet at kontingentane for 2010 ikkje vert endra. Kontingentane vert: Familiar kr 400, vaksne einskildmedlemmar kr 200 og born kr 100.

Etter framlegg frå Djuve vedtok ein desse satsane for 2012 også. Dette slik at ein kan sende ut medlemskontingent ved årsskifte. Neste årsmøte vedtek for 2013

Samrøystes vedteke

Sak 07/10 Budsjett 2011.

Leiaren la fram dette. Ein har budsjettert forsiktig. Vi er avhengig av COC no.

Budsjett 2011.

Hovudstyret

Medlemskontingentar	kr 30 000,-	
Sponsorar	kr 115 000,-	
Kommunale tilskot	kr 25 000,-	
Tilskot idrettsorganisasjonar	kr 20 000,-	
Dugnad	kr 30 000,-	
COC kombinert	kr 80 000,-	
Grasrotandelen	kr 40 000,-	
MVA- kompensasjonen	kr 20 000,-	
Sum fellesinntekter	<u>kr 360 000,-</u>	
Hovudstyret	kr - 80 000,-	
Ski gruppa		kr 45 000,-
Anlegg ski		kr 45 000,-
Fotball gruppa		kr 45 000,-
Sonelag fotball		kr 10 000,-
Trim gruppa		kr 20 000,-
Orienteringsgruppa		kr 5 000,-
Støtte til aktive utøvarar		<u>kr 40 000,-</u>
Resultat	kr 70 000,-	

Dette vert avsetning til løypemaski.

Det vart kommentert at det er dugnad både COC og Dyrskuen.
Budsjettet vart samrøystes vedtekje.

Sak 09/09 Innkome saker.

Ingen

Sak 10/09 Val.

Leiar i valkomiteen Olav Mostaul leia valet.

Framlegg til tillitsvalde i Høydalsmo Idrottslag frå valnemnda.

Styret:

Leiar:	Sverre Bakke	valt for 4 år.
Nestleiar:	Rune Djuve	valt for 2 år.
Kasserar:	Gunn Elin Wennersteen	valt for 2 år.
Styremedlem:	Björg Åse Byggland	attval 1 år.
1. varamedlem:	Gunnar Ofte	valt for 2 år.
2. varamedlem:	Olav Rosland	attval 2 år.

Skigruppa:

Leiar:	Ketil Kvaale	1 år tilbake.
Nestleiar:	Mikkel Vadder	attval 2 år.
Medlemer:	Olav Rosland	attval 2 år.
"	Tor Anders Solberg	attval 2 år.
"	Ottar Olav Lid	1 år tilbake.

Orienteringsgruppa:

Leiar:	Ketil Kvaale	1 år tilbake.
Medlemer:	Einar Strand	attval 2 år.
"	Oddvar Byggland	attval 2 år.
"	Anne Kristin Kvaale	1 år tilbake.

Kjøkkennemnd:

Leiar:	Margaret Grønli	attval 2 år.
Medlemar:	Ellen Ofte Jakobsen	attval 2 år.
"	Tove Kvaale	attval 2 år.
"	Anne jubskås.	attval 2 år.
"	Ingebjørg Ofte	attval 2 år.
"	Kirsten Austjore	attval 2 år.
"	Maja Jomafjell	1 år tilbake.
"	Gunnvor Byggland	1 år tilbake.
"	Randi Skarprud	1 år tilbake.

Fotballgruppa:

Anne Berit Kilen	2 år ny.
Olav Aalandslid	1 år tilbake.
Reidun Lofthus	attval 2 år
Nils Erikstad	2 år ny.

Trimgruppa:

Leiar:	Tarjei Torgersen	1 år tilbake.
Medlemer.	Laila Veslestøyl	attval 2 år.
”	Gro Elin Vold	1 år tilbake.
”	Geir Brubakk	attval 2 år.

Revisorar:

Olav Tveito	attval 2 år.
Heidi S. Bleiklia	1 år tilbake.

Valnemnd:

Leiar	1. Ånund Nordstoga	1 år tilbake.
	2. Jarle Solbu	2 år tilbake.
	3. Astrid Kvaale	3 år ny.

Valnemnda i Høydalsmo I L.

Olav Mostaul.	Ånund Nordstoga.	Jarle Solbu.
----------------------	-------------------------	---------------------

Alle vala var samrøystes utan motkandidat. Leiaren vert valt for 1 år av gongen. Fotballgruppa vel leiar sjølve då ingen hadde sagt seg viljuge til taka leiarvervet.

Svein Bakkan vart takka for 10 år som leiar og fekk gåve og blom av nyvald leiar.

Møte slutt.

Referent :Sverre Bakke